Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Tilleggsspørsmålnr.

Emne :

Oppskr. av : Bertel Bjørlykke

(adresse) : Eidså

Fylke : Møre og Romsdal

Herad : Syvde

Bygdelag : Sandnesstranda

Gard : Sandnes

G.nr. 103 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn : (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

1. Det var lite eg høyrde um julenissen i mi barnetid, kring 1900. Dei fortalde um nissar, men serlege julenissar veit eg ikkje um. Dei tala meir um julegeita, då. Ho tok til å narma seg gardane i adventa. Men eg høyrde aldri ho gjorde noko, korkje godt eller vondt, og aldri veit eg at nokon såg henne.
Julenissen trur eg helst er komen inn gjenom julekort, eit forretningstrikk.

2. Nissen kom ikkje med julegåver i mi barne- og ungdomstid. Ikkje trur eg det er vanleg enno. Det kan vera i serlege høve ein kleder seg ut.

3. I barnelag o.l. kan nissen koma og dela ut småting. Nissen må helst ikkje vera for vaksen. Kladnaden skal helst vera slik dei ser på julekorta.

4. Det er elles ikkje so nøye med utstyret. Men maske må han have. Kjøpt nisse-maske. Forretningsfiff!

5. Kring 1900 var det ikkje tale um å kjøpa maske. Det er kome seinare, i fylgje med meir pengar millom folk.

6. Det veit eg ikkje um.

7. Det kan vel henda no i seinare tid. Eg trur ikkje det er vanleg. Var det slett ikkje fyrr.

8. Eg veit ikkje at me hev noko fastslege dagnar um upphavet til julenissen. Men det er truleg der er

9865

samanheng med den gamle nissen. Han fekk då jolegraut, sa dei, han med, og var som ein jolegjest. Men eg veit ikkje um nokon i bygdene her som sette graut på låven åt nissen. Her var for lite av maten millom folk til åt dei kunne „fara so stygt" med han.

9. Noko serleg samarbeid med nissen veit eg ikkje um. Eg trur helst nissen var nokso „passiv". Eg trur i det heile ikkje det var nokon som trudde på han. Dei hadde berre pratet um han til moro.

9865

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING